



Blir det ei hytte til på Friheim? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rådmannen går inn for at Kurt Eivind Miljeteig skal frå dele frå ei tomt på inntil eit halvt mål frå Friheim. Tomta ligg i søre enden av bruket, mellom areal avsett til fritidshus, nabogrense og høgspenline, og saka skal opp i forvaltningskomiteen onsdag til veka.

Miljeteig vil, hvis saka går igjennom, få dispensasjon frå arealføremålet LNF i gjeldande kommunedelplan. Tomta skal nyttast til fritidsføremål og ligg inntil areal som er godkjent til fritidshus og der det i dag står ei hytte.

Saka har vore på høyring hos fylkesmannen og fylkeskommunen men det er ikkje kome merknader innan fristen. Heller ikkje har det kome merknader frå naboar.

Med omsyn til særlege grunnar blir det peika på at tomta ligg i eit område som er godt eigna for spreidd fritidsbebyggelse og at kommunen ønskjer å leggje til rette for nyetableringar i området.

av Ola Matti mathisen